



Forskrift om permisjon frå den  
pliktige opplæringa i grunnskulen i  
Vågå

Vedteke i kommunestyret

12.12.2024

## Innhald

1.	Heimel.....	3
2.	Innleiing.....	3
3.	Målgruppe og innhald .....	3
4.	Permisjonsforskrifta.....	3
4.1	Permisjon eleven har krav på .....	4
4.2	Permisjon eleven ikkje har krav på .....	4
5.	Permisjonens varigheit .....	4
6.	Vedtaket .....	4
7.	Vurdering av permisjonssøknadar .....	5
8.	Forsvarlegheitsvurderinga .....	5
9.	Behandling av udokumentert fråvær i skulen .....	5
10.	Saksgang ved søknad om permisjon.....	6
11.	Oversending av klagesak.....	6
12.	Iverksetting .....	6

## 1. Heimel

Fastsett av Vågå kommune, kommunestyret 12.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2, fjerde og femte ledd.

## 2. Innleiing

Det er eit viktig premiss for læring at elevane er til stades i skuletida. Skuleåret består av 190 dagar, det vil si at elevar og føresette har 175 dagar til feriar og anna ikkje opplæringsretta aktivitet.

Skulane i Vågå vil med dette dokumentet sikre rett behandling av søknadar om permisjon, og redusere omfanget av fråvær. Det er ikkje ein rett å få permisjon. Permisjon er noko skulen kan gje. Om skulen vel å innvilge permisjon, er det ein føresetnad om at det er forsvarleg å gje eleven fri frå opplæringa. Dette betyr at sjølv om det er forsvarleg for den enkelte elev å få fri, kan skulen likevel avslå søknaden. For å sikre lik behandling av søknadar om permisjon, skal kommunen ha klare kriterier for når skulane gjev permisjon og når dei gjev avslag.

I dokumentet blir lovheimlane for å gje permisjon frå den lovpålagte opplæringa gjennomgått, og det blir gjeve føringar for korleis dette skal praktiserast i grunnskulen. Handtering av søknadar er forankra i opplæringslova § 2-2 *Plikt til grunnskoleopplæring*, fjerde og femte ledd.

## 3. Målgruppe og innhald

Behandling av søknadar om permisjon frå opplæringa omfattar alle elevar i grunnskulen i Vågå. Denne type handtering skal ikkje nyttast i samband med helsereelatert fråvær. Når det gjeld helsereelatert fråvær som til dømes legebesøk, tannlege eller liknande, skal skulen sitt reglement for melding av dette følgjast.

## 4. Permisjonsforskrifta

Reglane kring permisjon i opplæringslova er omhandla i § 2-2, *Plikt til grunnskoleopplæring*. Fjerde ledd omfattar permisjonar eleven ikkje har krav på, og femte ledd permisjonar eleven har krav på.

#### 4.1 Permisjon eleven har krav på

Uavhengig av om det er forsvarleg etter opplæringslova § 2-2 fjerde ledd, har medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkje rett til permisjon på sitt trussamfunns heilagdag. Det er regulert i § 2-2 femte ledd:

*(...)»Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet..»(...)*

#### 4.2 Permisjon eleven ikkje har krav på

For elevar som ikkje er omfatta av opplæringslova § 2-2 femte ledd, gjeld berre fjerde ledd der det blir slått fast at:

*(...)»Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg..»(...)*

Skulen skal gjere ei todelt vurdering. Skulen skal fyrst vurdere om søknaden omfattar retningslinene (sjå punkt 7 ). Om skulen kjem til at søknaden ikkje er innanfor retningslinene på kva det kan innvilgast permisjon for, skal søknaden bli avsløge.

Dersom permisjonssøknaden er innanfor retningslinene på kva det kan innvilgast permisjon for, skal skulen ta stilling til om det er forsvarleg at eleven får permisjon. Det som er forsvarleg for ein elev, kan vere uforsvarleg for ein anna. Om skulen kjem til at det ikkje er forsvarleg å innvilge permisjon, skal søknaden bli avslått. Det må gjerast ei individuell vurdering som skal grunngjevast av omsyn til eleven si opplæring, skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida og eleven sitt fråvær og tidlegare permisjonshistorikk.

### 5. Permisjonens varigheit

Opplæringslovas føresegn om maksimal permisjonstid på to -2- veker (10 skuledagar), er fjerna i ny opplæringslov. Vågå kommune vil likevel ikkje innvilge permisjon utover 10 skuledagar.

### 6. Vedtaket

Vedtak om permisjon frå den lovpålagte opplæringa er eit enkeltvedtak, og vedtaksfullmakta er delegert til skulens rektor. Dette gjeld alle søknader. Alle permisjonssøknadar må sendast inn via foresattportalen.

<https://foresatt.visma.no/vaga>

## 7. Vurdering av permisjonssøknadar

Retningslinene nedanfor seier noko om i kva situasjonar skulen kan innvilge permisjon, dersom skulen vurderer at dette er forsvarleg, og i kva situasjonar skulen ikkje skal innvilge permisjon. Det skal i grunnskulane i Vågå ikkje innvilgast permisjon i periodar med førebuingar til, og gjennomføring av statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver og munnlege og skriftlege eksamenar.

Det skal innvilgast permisjon til familiehendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld og på dagar der det blir gjennomført prøver eller førebuing til prøver.

Det kan innvilgast permisjon når eleven er teke ut til å delta ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på nasjonalt eller internasjonalt nivå utanfor periodar med førebuing til og gjennomføring av statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver og eksamen. Det blir hovudsakleg berre innvilga permisjon i dei tilfella som er omtala i retningslinene. Retningslinene forutset at feriereiser blir lagt til årets 175 fridagar.

## 8. Forsvarlegheitsvurderinga

Innvilging av ein søknad om permisjon forutset at rektor finn det forsvarleg at eleven er borte frå skulen i eit stuttare tidsrom (sjå punkt 4). Relevante moment ved forsvarlegheitsvurderinga er mellom anna:

- Eleven sitt faglege arbeid på skulen.
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida.
- Eleven sin permisjonshistorikk.

## 9. Behandling av udokumentert fråvær i skulen

Om elevar er borte frå opplæringa i lengre tid enn det er innvilga permisjon for, eller blir borte utan innvilga permisjon, er dette å sjå som udokumentert fråvær. Skulen skal då følgje gjeldande prosedyrar for fråværshandtering. Om føresette får avslag på permisjon, og likevel vel å ta eleven ut av skulen, skal det varslast skulen om dette. Føresette er da ansvarlege for tapt undervisning.

Elevar som ikkje er gjort greie for etter nemnde prosedyre, blir etter 10 skuledagar skrivne ut av skulen. Dette gjeld og om skulen finn det sannsynleg at eleven oppheld seg i utlandet. Om skulen etter 10 skuledagar ikkje finn eleven eller om skulen finn eleven i Norge utan grunnskuleopplæring, skal saken sendast kommunalsjefen for vurdering av ytterlegere tiltak.

## 10. Saksgang ved søknad om permisjon

Alle søknadar om permisjon skal sendast til, og svarast ut ved den enkelte skule. Søknad om permisjon skal vanlegvis vere skulen i hende ein månad før ønskt permisjon skal starte. Vågå kommune krev at slik søknad skal kome frå ein av foreldra eller den som har det daglege ansvaret for barnet.

Merk og at den av foreldra som har foreldreansvar, men som barnet ikkje bur fast hjå, har medbestemming når det gjeld barns utdanning, jf. barnelova § 30. Det må difor forutsetjast at denne er inneforstått med søknad om permisjon.

Lenke til [foresattportalen](#) med søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside. Eventuelle spørsmål om ordninga kan rettast til skulen ved rektor. Merk at alle søknadar om permisjon, sjølv ved søknad om ein dag, skal søkjast om via foresattportalen. (Vi minner og om at fråvær av helsemessige grunnar skal det ikkje søkjast permisjon for, berre ei melding til kontaktlærar.)

Dersom føresette klager på vedtaket, skal klaga fyrst behandlast på nytt av skulen. Dersom vedtaket blir oppretthalde, blir klaga sendt til Statsforvaltaren i Innlandet.

Ved behandling av klagar på avslag om permisjon ser Statsforvaltaren på om skulen har behandla søknaden i tråd med opplæringslova, og etter alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Statsforvaltaren har som praksis at skulen sitt avslag om permisjon ikkje blir overprøvd. Desse reglane skal mellom anna beskytte mot usakleg forskjellsbehandling, vilkårlegheit og at det blir lagt vekt på utanforliggende tilhøve.

## 11. Oversending av klagesak

I ei eventuell klagesak vil følgjande dokument bli sendt til klagenemnd/ eventuelt Statsforvaltaren:

- Rektor sitt oversendingsbrev
- Føresette sin søknad
- Rektor sitt individuelt grunngeveve enkeltvedtak
- Føresette si klage
- Eventuell dokumentasjon

## 12. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft frå 12.12.2024. Samstundes blir gjeldande permisjonsreglement for grunnskulen i Vågå oppheva.